



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Årsrapport 2006






FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har oppgaver innan landbruk og bygdeutvikling, miljøvern, sosialsektoren, sivil beredskap og overfor kommunane. Vi er om lag 100 tilsette, og er organisert slik:

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
Telefon 57 65 50 00 – Telefaks 57 65 50 55
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 72 32 00 – Telefaks 57 82 12 05
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: post@fmsf.no

Internett: <http://www.fylkesmann.no/sfj/>
www.miljostatus.no/sognogfjordane/

Innholdsliste

Forord

Utviklingstrekk i fylket og embetsprosjekt

1. Økonomiske rammer og administrative føringar

- 1.1. Økonomistyring og årsverk
- 1.2. Saksbehandlingstid og systematisk samanlikning
- 1.3. Elektronisk forvaltning
- 1.4. Leiing, organisering og styring

2. Sentrale politiske føringar

- 2.1. Fornyng av offentleg sektor – generell samordning
- 2.2. Velferd, helse og personleg tenesteyting
- 2.3. Oppvekst, familie, barnehagar og utdanning
- 2.4. Arealdisponering og byggjesaker
- 2.5. Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern
- 2.6. Samfunnsikkerheit og beredskap

3. Utdjupande skildring av resultatområde

- 3.1. Kongehuset
 - 3.2. Arbeids- og inkluderingsdepartementet
 - 3.3. Barne- og likestillingsdepartementet.
 - 3.4. Fornyings- og administrasjonsdepartementet
 - 3.5. Helse- og omsorgsdepartementet
 - 3.6. Helsetilsynet
 - 3.7. Justisdepartementet
 - 3.8. Kommunal- og regionaldepartementet
 - 3.9. Kultur- og kirkedepartementet
 - 3.10. Kunnskapsdepartementet
 - 3.11. Landbruks- og matdepartementet
 - 3.12. Miljøverndepartementet
 - 3.13. Utanriksdepartementet
 - 3.14. Samferdselsdepartementet
-

Føreord

2006 har vore eit år der mykje har utvikla seg godt for Sogn og Fjordane. Rett nok heldt nedgangen i folketal fram, men aktiviteten auka kraftig og merksemda kring dei utfordringane vi har, vart både meir innsiktsfull og tiltaksorientert.

Eitt uttrykk som ofte har vore nytta er at næringslivet går så det susar. Til liks med andre stader i landet, har mangelen på arbeidskraft vore største problemet. Men vekstsmerter er av det vi toler best. Derfor er det oppmuntrande å sjå at det er fleire kvinner i arbeid her enn i noko anna fylke. Og vi noterer med glede at 2.329 personar flytte hit i 2006. Positivt er det også at vi ser regionråda i større grad evnar å tenkje større bu- og arbeidsområde. Det er faktisk godt samarbeid i regionane i fylket enten vi er i Sunnfjord, Sogn eller Nordfjord.

Kommunane har fått eit større handlingsrom i 2006. Framleis har vi flest medlemmar i Robek, men talet gjekk ned i fjor. Fleire av kommunane kom seg ut av ”kladdeføret” og fekk musklar til å stå fram både som velferdsprodusentar og utviklingsaktørar. Det er også verdt å nemne at fylkeskommunen utviste både finansielle og strategiske grep, og la opp til solide investeringar til beste for fylket.

Den auka aktiviteten i fylket syner seg også att i våre saksområde. Tydlegast ser vi det i byggjeaktiviteten i kommunane. Vi får tilsendt saker frå kommunane på høyring etter plan- og bygningslova. Talet på slike saker auka med 24 % frå 2005 til 2006. Frå 2003 til nå er talet nær dobla.

Men sjølv om økonomien er betra, vil det til ei kvar tid vere viktige avvegingar mellom pengebruk og kva som er den einskilde sin rett. Lovverket har i auka grad presisert rettane som den einskilde har i høve det offentlege. Fylkesmannen har ei viktig rolle i å syte for at desse lovkrava blir oppfylte. Problemstillingar som her har vorte aktuelle er t.d. organisering av tenester i omsorgbustader i staden for sjukeheim. Dette handlar både om økonomi og rettar.

Året har vore godt, men det gir også nye utfordringar der klimaendringane er påfallande. Det har ført til auka merksemd på både miljø, landbruk og beredskap. Vi har derfor det siste året starta opp arbeidet med å utvikle ein analyse over kor vi har størst risiko. Dette vil etter kvart bli innarbeidd i dei ulike arealplanane.

Leikanger, 26. februar 2007

Oddvar Flæte

Utviklingstrekk i fylket og embetsprosjekt

Utviklingstrekk

Folketalet minkar

I 2006 minka folketalet i Sogn og Fjordane med 456.personar. 1. jan. 2007 budde det 106.194 personar i fylket. Berre 3 kommunar av 26 hadde auke i folketalet i 2006 (Førde + 138, Eid + 47, Jølster +10). 13 kommunar hadde fødselsoverskot, men nettoflyttinga var negativ.

Førde er no største kommunen i fylket med 11.465 innbyggjarar, følgt av Florø med 11.341. Førde har såleis vakse forbi Florø i 2006, og har også eit fødselsoverskot som er dobbelt så stort som Florø. Nettoutflytting frå Florø var på 120 personar 2006, medan Førde hadde ei netto innflytting på 19. Førde har hatt vekst sidan 1960-talet.

Regionsenteret Sogndal hadde ein folketalsreduksjon i 2006 på 14 personar, etter å ha hatt auke sidan 2002. Vågsøy med 6.064 innbyggjarar minka med 59 personar i 2006, og har hatt nedgang sidan 1999. Eid har 5.848 innbyggjarar og ein vekst i folketalet på 47 i 2006, og hadde også auke i 2005. Utviklinga har synt at Førde er det mest livskraftige regionsenteret, men også Eid og Sogndal har hatt ei god utvikling..

Arbeidslivet treng fleire hender.

Ved utgangen av desember 2006 var berre 706 personar heilt utan arbeid. Dette er det lågaste talet vi har hatt i desember sidan 1987. Det gjennomsnittlige talet på arbeidslause i Sogn og Fjordane i 2006 var 958 personar. Dette er ein nedgang på 30 prosent frå 2005.

Talet på ledige stillingar var i desember 384. Dette er 107 fleire enn i same månad året før. Næringsbarometeret jan. 2007 spår eit behov for vel 2.000 nye arbeidstakarar i Sogn og Fjordane i 2007.

Statistikken illustrerer eit stort paradoks for Sogn og Fjordane: Samstundes som etterspurnaden etter arbeidskraft er stor, opplever vi ei netto utflytting og nedgang i folketalet.

Næringslivet går så det susar. Her er det jobb å få, og etterspurnaden etter arbeidskraft aukar endå meir – særleg i industri, bygg og anlegg og i pleie- og omsorgssektoren. Samstundes har privat tenesteyting eit stort potensiale. Kreative og gjerne også høgt utdanna grunderar kan skape framtida si her. Optimismen og moglegheitene i IKT-næringa er stor.

Ledige stillingar blir i aukande grad fylte av utanlandsk arbeidskraft, til dømes frå Polen, som i Flora, Hyllestad og Vågsøy. Desse arbeidstakarane blir ikkje talde med i folketalsstatistikken før dei eventuelt melder flytting hit. Det er derfor fleire hender i arbeid enn folketalet syner.

Det er likevel problematisk at kommunane misser inntekter når folk flytter ut og med det blir svekka som velferdsytar. Når samstundes utanlandsk arbeidskraft ikkje tel med, kjem dei inn i ein lite god sirkel.

Fruktbare kvinner

Sogn og Fjordane har dei mest fruktbare kvinnene i landet. Kvar kvinne får i snitt 2,03 born, mot 1,80 på landsbasis. Dessutan er fleire kvinner i arbeid her enn i noko anna fylke. Vi har så å seie full barnehagedekning, og ligg i tet i svært mange levekårsgranskingar og likestillingsindeksar.

Verdival

Utflyttinga er framleis større enn tilflyttinga, men kvart år er det eit par tusen menneske som flyttar til Sogn og Fjordane. Desse kan delast inn i tilbakeflyttarar og tilflyttarar, og igjen delt i innanlandske og utanlandske. Gjerne også i ulike livsstadium; småbarnsfamiliar, folk med vaksne born og pensjonistar. Ved å byggje vidare på verdiane som både nye og gamle innbyggjarar verdset, kan vi få endå fleire til å busetje seg her.

Utanlandske personar utgjorde meir enn 20 prosent av tilveksten i 2005. Vi kan tene mykje på å gjere oss attraktive for utanlandsk arbeidskraft. Målet må vere at fleire utanlandske arbeidstakarar melder flytting til Sogn og Fjordane.

I vekst

Natur og opplevingar, bioenergi, tradisjonsmat, og nyskapande, men tradisjonstilknytta design har truleg eit uutnytta potensial i fylket. Verftsindustri, og oppdrett har også gode vekstvilkår. Landbruket er framleis viktig for sysselsetjing og busetnad, og vi ser stadig nye kreative attåttnæringar, til dømes gardsturisme, gardsmat, grøn omsorg, bioenergi, og minikraftverk. Ei utvikling mot ein ryggrad av større, levedyktige familiebruk, saman med framvekst av samdrifter og mindre bruk med attåttnæringar, ser ut til å bli framtida. Bær dyrking, særleg bringebær og morellar, er eit vekstområde.

Eit fylke for ungdommen

Ungdom ønskjer fart og spenning. Naturen i Sogn og Fjordane er ein attraktiv leikeplass. Ungdommen verdset også tryggleiken dei har vakse opp med, men mislikar gjennomslitne tilhøve, bygdedyret og jantelova. Storbyen lokkar – der kan ein vere seg sjølv, anonym og fri. Dei unge vil ut, og må få lov til det, men ved å halde kontakten med dei undervegs, kan kanskje fleire tenkje seg å flytte tilbake i etablerarfasen. For å få fleire tilbake må vi gjere det høgare under taket i lokalsamfunna våre. Toleranse, vidsyn og aksept for det som er annleis er nødvendig. Bygdeutvikling bør i større grad også fokusere på dette.

Ungdom ønskjer også kort veg til sentra og fleire fritidstilbod. Vidareutvikling av sentra våre, betre infrastruktur, også kollektivtilbod og breiband, og kultur- og fritidstilbod er viktige vekstfaktorar.

Embetsprosjekt

På bakgrunn av tildelingsbrev og utfordringar i eige embete/fylke vert det organisert tverrgåande embetsprosjekt. Dette er utvalde innsatsområde som kryssar avdelingsgrensene. I 2006 hadde vi tre slike prosjekt:

1. Utvikling av Fylkesmannen som lærande organisasjon

Mål

1. Leiarar og tilsette skal vite kva omgrepet lærande organisasjon inneber
 2. Forbetre grunnlaget for tilsyn og rettleiing, og utnytte kunnskapen frå tilsyna betre i rettleiing og utviklingsarbeid.
 3. Målrretta utvikling og utnytting av samla kompetanse i embetet
 4. Betre tenester til brukarane
-

Resultatkrav

1. Gjennomført leiarutviklingsprogram og oppfølgingsarbeid i avdelingane
2. Dokumenterte endringar i samhandling internt og eksternt
3. Konkrete tiltak for kunnskapsdeling om kommunane
4. Generell prosedyre for ROS-analyse mht tiltak overfor kommunane
5. Kompetanseplan i embetet, fellestiltak 2006, inkl. motiveringstiltak og utvikling av entreprenørskapshaldningar
6. Gjennomføre utvalde brukarundersøkingar

Resultat

Prosjektet vart gjennomført etter planen. Vi hadde tre samlingar for alle leiarar i embetet med fagleg bistand frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Alle avdelingane har jobba med oppfølging internt, og dette var tema på personalsamling i september. Alle tilsette har såleis vore involvert, og vi har konkrete resultat i form av endra møteleing, betre førebuing av møte og konferansar, betre etterarbeid og auka brukarmedverknad. Evaluering skal utførast våren 2007.

Brugarundersøkinga vi gjennomførte gir oss eit godt bilete av korleis kommunane opplever kontakten med Fylkesmannen. Vi er godt nøgde med at 23 av 26 kommunar tok seg tid til å svare. I tillegg har vi møtt seks rådmenn og fått utfyllande svar frå desse. Resultata frå undersøkinga er til god hjelp når vi skal utvikle tenestene og arbeidsmetodane våre. Undersøkinga stadfestar at Fylkesmannen er viktig for kommunane, og fortel at vi vert oppfatta som ein tilgjengeleg og serviceinnstilt medspelar. Nokre resultat:

- 20 kommunar opplever at vi er lyttande og gjerne vil høyre kommunane si meining
- 17 kommunar oppgir at dei trekkjer lærdom frå tilsyna, og at dei brukar denne lærdommen til å utvikle tenestene sine
- 22 kommunar meiner at det er lett å forstå innhaldet i brev og dokument frå oss
- kommunane verdset dei møteplassane vi har med kommunane.
- kommunane har også klare meiningar om kva tenester som er viktigast i høve til kommunane. Her ynskjer kommunane seg aktiv rettleing og rådgjeving på fleire område, initiativ til meir nettverksbygging, erfaringsutveksling mellom kommunane og deltaking i prosjekt- og utviklingsarbeid, og bygde- og næringsutvikling

2. Risiko- og sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane

Mål

Få oversikt over, systematisere og vurdere dei viktigaste risiki og sårbarheitane i Sogn og Fjordane med potensielt alvorlege samfunnsmessige konsekvensar, og behov for beredskapsplanlegging og/eller krisehandtering frå Fylkesmannen si side.

Resultatkrav

Fylkes-ROS skal ha eit innhald og omfang som gjer den til eit reiskap for:

- ? Planlegging av Fylkesmannen si krisehandtering
- ? Fylkesmannen sitt førebyggjande arbeid for å motverke uønska hendingar og kriser, og/eller avgrense skadeverknadane av desse
- ? Fylkesmannen si evne til å påpeike risiko- og sårbarheitsforhold i fylket overfor kommunar, samarbeidande etatar, fylkeskommune og sentrale styresmakter

Resultat

Prosjektet er forseinka, noko som i hovudsak skuldast at andre etatar har vore/er seine med sine innspel. Det vert arbeidd vidare med dette med sikte på ferdigstilling i april 2007.

3. Ta i bruk elektronisk saksbehandling og verte ein del av e-forvaltninga

Mål

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skal fullføre e-saksbehandling, e-arkiv, e-faktura/regnskap og e-tilskot i 2006. Embetsprosjektet skal syte for at dette vert gjort i eit brukarperspektiv. Det har eit overordna ansvar for at alle tilsette medverkar til dette.

Resultatkrav

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er pr 15.12.06 komne lengst innan e-forvaltning mellom fylkesmennene. Medarbeidarane hos fylkesmannen opplever at dei har tenelege, elektroniske verktøy som bidrar til betra effektivitet og kvalitet i arbeidskvarden.

Resultat

Fullelektronisk arkiv innført. Tilskotsforvaltning på internett og interaktive tenester er no ein del av HØYKOM-satsinga BEST. Elektronisk handsaming av saker om fritt rettsråd er sett i verk som samkøyrte opplegg for Sogn og Fjordane, Hedmark og Aust-Agder. Innføring av elektronisk fakturabehandling og fullservice rekneskapsføring hjå SSØ er gjennomført. Det er gjennomført informasjon og opplæring i avdelingane, og eit eige brukarforum er oppretta internt.

I tillegg til embetsprosjekta peikar avdelingane ut innsatsområde som eignar seg for prosjektorganisering. Det kan vere tidsavgrensa satsingar innan eiga avdeling, eller oppgåver som krev medverknad frå ei anna avdeling. I 2006 hadde vi følgjande avdelingsprosjekt, som alle i hovudsak vart gjennomførte som planlagt (jf pkt 2 og 3):

Miljøvern avdelinga
Miljøprioriteringar i oljevernberedskapen
Tilsyn på ureiningsområdet
Verneplan for edellauvskog – fekk forlenga frist
Landbruks avdelinga
Bioenergi – ei makelaus energikjelde
Bygder også for byfolk
Samarbeid i sauehaldet
Utdannings avdelinga
Redusert grunnlag for klage på spesialundervisning og mindre tid til klagebehandling
Gjennomføring av nasjonalt tilsyn
Helse-, sosial- og justis avdelinga
Å ta brukaren på alvor - held fram i 2007
Administrasjons avdelinga
Drift av statens hus – rutiner mm
Fullelektronisk arkiv
Revisjon av lokal personalplan

I det følgjande pkt. 1 og 2 vert det rapportert i høve til tildelingsbrevet, i pkt 3 i høve til embetsoppdraget.

1 Økonomiske rammer og administrative føringar

1.1 Økonomistyring og årsverk

Tabell 1. Oversikt over finansiering og sektorplassering av antall årsverk 2006

Antall årsverk	Kap. 1510	Eksternt finansiert	TOTAL ÅRSVERK
Ledelse (fylkesmann+ass. fylkesmann)	2,0		2,00
Internadministrasjon (merkantile funksjoner)	16,5	6,9	23,40
Fagoppgaver pr sektor	69,6	13,0	82,52
Barne- og likestillingsdepartementet	2,5		2,50
Helse- og omsorgsdepartementet	8,7	3,8	12,50
Arbeids- og inkluderingsdepartementet			0,00
Landbruks- og matdepartementet	22,1	1,9	24,02
Miljøverndepartementet	16,2	2,0	18,20
Justisdepartementet	9,0		9,00
Kommunal- og regionaldepartementet	1,8		1,80
Kunnskapsdepartementet	6,5		6,50
Kultur- og kirkedepartementet			0,00
Andre fagdep (FAD og prosjekt)	2,8*	5,3*	8,00
SUM	88,1	19,9	107,92

* Gjeld prosjektstillinger og 2,75 årsverk knytt til Fylkesmennenes Trippelnett

Tabell 2. Oversikt over støttefunksjonar. Fordeling på fagområde.

Tal årsverk	Kap. 1510*	Eksternt finansiert	TOTAL ÅRSVERK
Leiling knytt til merkantile oppgaver/funksjonar	1,0		1,0
Arkiv	3,5	1,0	4,5
Økonomi/rekneskap	1,5	1,0	2,5
IKT	3,5	1,0	4,5
Informasjon mv	0,6	0,5	1,1
Personal	1,5	0,8	2,3
Resepsjon/post mv	1,6	0,5	2,1
Andre (kantine/vaktmeister/reinhald mv)	3,4	2,1	5,5
SUM	16,5	6,9	23,4

* Disse tala inkluderer 2,85 merkantile stillingar ved landbruksavdelinga.

Ved innflyttinga i Statens hus i 2005 vart dei fleste administrasjons- og driftsressursane samla i ei felles administrasjonsavdeling. Medrekna felles driftsstillingar for Statens hus og merkantile stillingar ved landbruksavdelinga i Førde utgjer den felles administrasjonen 23,4 årsverk, pluss 5 årsverk frå Skatteetaten. Norge.no kjøper administrative tenester frå fellesadministrasjonen. Gjennom administrativ kostnadsdekking vert ca 7 årsverk i administrasjonen finansierte utanom det ordinære driftsbudsjettet.

Tabell 3. Oversikt over enkelte aktivitetar i 2006

	2005	2006
Arkiv		
Tal registrerte nye saker	7.527	6171
Tal dokument/jornalpostar registrert	25.602	22534
Økonomi/regnskap		
Tal rekneskapsbilag totalt (Agresso, SLP og Saturn)	12.280	13.323

Nedgangen i antal saker kan skuldast at det no vert journalført fleire samlingsaker enn tidlegare. Dette gjeld td. ein del tilskotssaker på utdanning og saker om avfallsanlegg på miljø. I tillegg er det reduksjon i sakstypar på landbruksavdelinga.

Tabell 4. Rekneskap for 2006

Underpost	Summar pr. 31.12.2005	Summar pr. 31.12.2006
Sum løn og godtgjersle	41 288 169	41 808 632
Sum varer og tenester	21 544 849	21 729 930
Sum løn og godtgj./varer og tenester	62 833 018	63 538 562
Sum tildeling/inntekter	63 080 696	63 947 047
Overført	247 678	408 485

Det har vore stram økonomistyring i 2006. Endeleg rekneskap for 2006 viser eit overskot på kr. 408.485,-, men overskotet er reelt sett mindre fordi utgifter, ma for installering av naudstraumsaggregat ikkje kom i tide for å bli belasta 2006-rekneskapen.

Inntekts- og utgiftsramma for 2006 viser ein auke på ca 1,7 mill. kr. i høve til budsjettet for 2006. Auken i inntekter skuldast i hovudsak ekstra tildelingar på slutten av året frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet knytt til kompensasjon for lønsoppgjer og linjeleige og auke i overhead frå prosjekt og andre kapittel. På utgiftssida er det auke i lønsutgifter som følgje av lønsoppgjeret og større investeringar i maskiner, utstyr og anna driftsmateriell.

1.2 Saksbehandlingstid og systematisk samanlikning

Vi har utarbeide vår eigen serviceerklæring som vi følgjer opp kvartalsvis. Systematisk samanlikning viser at vi i dei 3 tertiala i 2006 brukte frå 85 til 120 dagar i gjennomsnitt pr klagesak etter plan- og bygningslova, og mellom 61 og 74 dagar pr klagesak etter sosialtenestelova. Vi har hatt ein auke på 25% i talet på byggjesaker i høve det vi hadde i fjor. Årsaka til auken er at talet setjefylkesmannssaker har auka frå 49 i fjor til 78 i år. Vi har også hatt stor utskifting i sakshandsamarar.

1.3 Elektronisk forvaltning

Vi viser også til rapporteringa på embetsprosjektet e-forvaltning foran.

1.3.1 Saks- og arkivsystem

Vi innførte fullelektronisk arkiv i 2006. Vi har gjennom dei Høykom-finansierte prosjektet Ny forvaltning og Betre elektroniske tenester og samhandling (BEST) starta elektronisk dokumentutveksling med elektronisk signatur mot kommunar, fylkeskommunen og andre statsetatar. Dette skjer i samsvar med kravspesifikasjon for PKI i offentleg sektor.

1.3.2 Elektroniske tenester

Fylkesmannen.no skal vere interaktiv og vere kanal for formidling av elektroniske tenester. I samsvar med dette gjennomfører vi i perioden 1.8.06-31.12.07 BEST-prosjektet. Vi har her utvikla ei løysing for elektronisk innsending og saksbehandling innan fri rettshjelp. I første omgang er dette ein pilotversjon for advokatar og fylkesmenn i Aust-Agder, Vest-Agder, Hedmark og Sogn og Fjordane, men løysinga kan vere klar for alle fylke i løpet av 2007 – sjå www.reettsraad.no og <http://efylke.no>

I same prosjektet har vi starta arbeidet med utvikling av interaktive løysingar for handsaming av tilskotsordningar retta mot m. a. kommunesektoren og politiske parti (partistøttesystemet)

Løysingane vi utviklar er integrerte med saks- arkivsystem og modulbaserte med tanke på gjenbruk og tilpassing til dei fleste sakstypar.

1.3.3 Nettbasert informasjon

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvaret for drift av felleløysinga Trippelnett, som gir alle fylkesmannsembeta intra- og internett og eit ekstrasnett for kommunikasjon mellom fylkesmennene og direktorat og departement. I tillegg har vi ansvar for utforming og oppdatering av fellestekstar på internett. I Norge.no si kvalitetsvurdering av offentlege nettstader i 2006, fekk 14 av 18 fylkesmenn toppkarakteren seks stjerner. Dei fire andre fekk fem stjerner. I alt fekk 26 av 691 vurderte offentlege nettstader seks stjerner. Dette viser at samarbeidet om nettilbodet til fylkesmennene har gitt gode resultat. For å nå målsetjingane om elektroniske tenester i fylkesmannsetaten, må det likevel satsast meir på interaktive tenester i Trippelnett.

Heimesida er den viktigaste informasjonskanalen vår i høve omverda. Målgruppene våre er folk flest, kommunane, media, andre etatar, næringsliv og organisasjonar. I den langsiktige strategien vår seier vi at omverda vår skal oppleve Fylkesmannen som nær og tilgjengeleg. Vi nyttar heimesida vår aktivt for å spreie informasjon om saker, og vi viser også vilje til å svare media i kontroversielle saker. I nettredaksjonen vår legg vi vekt på å skrive informative overskrifter og ingressar. Med gode overskrifter og ingressar når vi lettare ut med budskapet vår.

Med jamne mellomrom held vi språkkurs for nytilsette og andre som treng det. På desse kursa gir vi mellom anna opplæring og øving i skrivning for nettet. Vi har også elles jobba ein del med språket vårt, til dømes har vi laga ei eiga side for språktips på intranettet vårt.

Også i år fekk vi seks stjerner i kvalitetsvurderinga til Norge.no. Vi la ned nettprat-tenesta vår i 2006 fordi nesten ingen brukte tenesta. Vi ser derimot at ein del innbyggjarar nyttar kontaktskjemaet på heimesida vår. I alt 191 personar får tilsendt varsel når vi legg ut nyhende på heimesida vår. På ei vanleg veke har vi 20-25 000 treff på heimesida vår.

1.3.4 Kart og stadfesta informasjon

Gjennom samarbeid skal geodata etablerast, forvalta, drivast, vedlikehaldast og gjerast tilgjengeleg for samarbeidspartane over Internett, til størst mogleg felles nytte, sjå [Norge Digitalt](#).

I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune har vi gjort mykje stadfesta informasjon tilgjengeleg via <http://fylkesatlas.no>.

Lokalt i kvart enkelt fylke er det fylkesmannen og Statens kartverk som gjennom tildelingsbrev fra sine departement er pålagde å vera drivande krefter i samarbeidet. Fylkesmannen v/utviklingssjef Jostein Fondenes er leiar av fylkesgeodatautvalet og Statens kartverk er sekretariat for samarbeidet i fylket.

Vi har installert og testa ut integrasjonsfunksjonaliteten med kart i saks- og arkivsystemet

1.3.5 Informasjonstryggleik

Arbeidet med informasjonstryggleik har høg prioritet. Vi gjennomførte i 2006 ein risiko- og sårbarheitsanalyse knytt til informasjonssystema våre, og har utarbeidd ein handlingsplan. Eit av tiltaka er IKT-instruks for tilgang og bruk av system og IKT-utstyr, som vil bli fullført i 2007.

1.4 Leiing, organisering og styring

1.4.1 Forvaltningsreforma

Dei tilsette har vorte informert fortløpande om forvaltningsreforma gjennom intranett og i personalmøte. Fylkesmannen har jamlege møte med leiinga i fylkeskommunen der dette ofte har vore på dagsorden. Vi har etablert eit eige embetsprosjekt i 2007 for å førebu oss på konsekvensar av reforma. Eit lite embete som vårt vil vere utsett for tap av nøkkelpersonell og mindre robuste fagmiljø dersom vesentlege oppgåver blir overført til nye regionar.

1.4.2 Personalpolitikk

Vi hadde ved årsskiftet 108 årsverk. Vi har fire fagavdelingar (landbruk, miljø, utdanning, helse-, sosial- og justis) samt administrasjonsavdeling og ei utviklingsavdeling, der dei tilsette er eksternt finansierte gjennom ulike prosjekt. Tre fagavdelingar har flat organisering, medan den siste er seksjonert. Ein stab på tre medarbeidarar har ansvar for kommuneøkonomi, fornying og informasjon.

Personalpolitikken i embetet skal hjelpe oss å få tak i, utvikle og behalde dyktige og motiverte medarbeidarar. I samarbeid med dei tillitsvalde har embetet i 2006 utarbeidd ein ny lokal personalpolitikk som skal gjelde for perioden 2007-2009. Den lokale personalpolitikken baserer seg på dei generelle føringane og satsingsområda for staten.

Embetet er ei IA-bedrift, og vi ynskjer at alle tilsette skal ha eit godt og utviklande arbeidsmiljø. Med bakgrunn i Arbeidsmiljølova § 3.1 om krav til systematisk HMS-arbeid har embetet i samarbeid med bedriftshelsetenesta gjennomført ei helse- og arbeidsmiljøgransking. Resultata vil liggje føre våren 2007.

I 2006 hadde vi seks stillingsutlysingar, ingen av søkarane hadde nedsett funksjonsevne. Vi hadde ein søkar med innvandrarbakgrunn, vedkomande er i dag i jobb hos oss.

Assisterande fylkesmann var i store deler av 2006 i 60-50% stilling pga sjukdom i familien. Fylkeslegen har fungert i stillinga.

Fylkesmannen legg vekt på at all tenesteyting og utøving av mynde skal skje etisk forsvarleg. Vi har difor informert alle tilsette om dei etiske retningslinene for statstenesta, men vi har ikkje funne behov for supplere med lokale retningsliner.

1.4.3 Likestilling

Her viser vi til rapporteringa under pkt 3.3.

1.4.4 Grøn stat – miljøleiing i staten

Miljøleiing er integrert i styringssystemet for embetet. I styringa av embetet er det lagt vekt på følgjande:

- * Redusert energiforbruk, ENØK
- * Redusert avfallsmengd inkl. redusert papirforbruk og mest mogeleg gjennvinning
- * Miljøvenlege reisemåtar og auka bruk av video- og telefonkonferansar

1.4.5 Lærlingar

Frå hausten 2006 har embetet ein elev frå vidaregåande skule utplassert to dagar i veka. Dette kan vera eit godt grunnlag for ein ev. lærlingekontrakt neste skuleår.

2 Sentrale politiske føringar

2.1 Fornyng av offentleg sektor – generell samordning

Fornyng og omstilling har vore jobba med på fleire måtar. Vi sette av 5 mill. kr av skjønnsmidlane for 2006 til dette arbeidet, og har gjennom tett samarbeid med fylkeskommunen, KS og regionråda fått forankra og samordna denne satsinga på ein god måte. Det meste av midlane har vorte prioritert til prosjekt der heile regionar eller fleire kommunar samarbeidar om utviklingstiltak, og gjennomføringsprosjekt har vorte prioritert framfor utgreiingsprosjekt. Kommunane rapporterar tilbake til oss, slik at vi kan vere trygge på at planane vert gjennomførte. Fornyng har vore tema på fleire samlingar som t.d. Kommunekonferansen i mai og KS sin haustkonferanse i oktober. Vidare har vi satsa på kompetansebygging og erfaringsutveksling gjennom nettverkssamarbeid. To viktige arenaer er Rådmannsnettverket (ei samling i november) og Økonominettverket (samling i mai og november). Fylkesmannen legg til rette for nettverka, men det er kommunane som sit i førarsetet i høve til å setje dagsorden. Fylkesmannen har også samarbeidd med KS om Effektiviseringsnettverka og har delteke med leiarar/rådgjevarar frå aktuelle fagavdelingar på samlingar.

Vi formidlar nytt om utviklingsarbeid på ei eiga side:

www.fylkesmannen.no/moderniseringsfj. Vårt hovudinntrykk er at mange kommunar jobbar godt med å utvikle styringssystem, effektivisere drifta og forbetre tenestene. IKT er ei drivkraft i det meste utviklinga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ambisiøse mål knytt til elektronisk forvaltning. Ei av måla våre i strategiplanen for 2006-2009 er at vi skal vere leiande i bruk av IKT som verktøy for tenesteutvikling og brukardialog, og slik arbeide for å oppfylle måla i eNorgeplanen 2009. Gjennom dei Høykomfinansierte prosjekta Ny forvaltning og BEST-Betre elektronisk samhandling og tenester arbeider vi med følgjande delprosjekt:

- 1) Utvikling av elektronisk saksbehandling innan fri rettshjelp
- 2) Sikker elektronisk samhandling mellom verksemder og forvaltningsnivå
- 3) Elektronisk tilskotsforvaltning

I BEST-prosjektet har vi med fylkesmannsembeta i Hedmark, Aust-Agder og Vest-Agder. KS, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Justisdepartementet deltek i styringsgruppa for prosjektet. Erfaringar og løysingar utvikla i prosjektet skal gjerast tilgjengeleg for andre fylkesmannsembete, ma via FM-nett, samlingar og prosjektet sin nettstad www.efylke.no. Vi informerte frå prosjektet under FAD/fylkesmennenes IKT-konferanse i Leikanger 14.-15. november 2006.

Vi legg vekt på kopling mellom prosjekt og linje i organisasjonen. Elektronisk forvaltning var embetsprosjekt i 2006. Vi har innført fullelektronisk arkiv og elektronisk fakturabehandling. Både arkivet og saksbehandlarar har vore aktive deltakarar i Ny forvaltning og BEST-prosjektet. Elektronisk forvaltning var tema på personalsamlinga for heile embetet i 2006. Vi har etablert eit ikt-brukarforum, som fungerer som ein møteplass mellom ikt-brukarar og ikt-drifts- og utviklingspersonell. Alle avdelingane hjå Fylkesmannen er representerte i forumet, som har hatt høg aktivitet i 2006.

I 2006 melde vi 3 kommunar ut av ROBEEK, medan 2 vart meldt inn. Status er 10 av 26 kommunar i registeret. Dette medfører eit stort behov for oppfølging og støtte i arbeidet med omstilling. Vi har lagt vekt på oppfølging, rettleiing og formidling. Mange kommunar i ROBEEK gjer at vi må prioritere, og vi har brukt mest ressursar på dei som slit tyngst. Vi har hatt fleire møte i løpet av året med desse kommunane, der vi har sett fokus på status og arbeid med forpliktande plan. Dei aller fleste ROBEEK-kommunane har rapportert status enten månadsvis eller kvartalsvis til Fylkesmannen. I høve denne rapporteringa vart utarbeidd ein eigen prosedyre i 2006.

Vi har gitt støtte til kommunale fornyingsprosjekt gjennom skjønnsmidlane. Vidare har vi arbeid med kommunale læringsnettverk og dermed etablert gode arenaer for erfaringsutveksling. Vi har samarbeidd med KS i deira arbeid med effektiviseringsnettverka. Vi har vidareført arbeidet med eit internt tilsynsnettverk for å samordne og forbetre tilsynsarbeidet vårt i høve kommunane. Det har vore to nettverkssamlingar for alle på embetet som arbeider med tilsyn. Den første samlinga kalla vi ”Kommunedagen” der vi jobba med erfaringsutveksling over avdelingsgrensene knytt til enkeltkommunar. På den andre samlinga deltok Mattilsynet og Arbeidstilsynet. På samlinga i desember fokuserte ein spesielt på Fylkesmannen si samordningsrolle i samband med endringar i kommunelova. På våre heimesider er det ein eigen tilsynskalender og alle tilsynsrapportar vert også lagt ut på ein felles nettstad på våre heimesider.

Fylkesmannen utarbeidde i fjor ein tilstandsanalyse for kommunane i Sogn og Fjordane. Analysen syner status og utviklingstrekk for grunnleggjande kommunale tenester og tilhøve. Dette var tredje året vi la fram denne type analyse. http://www.fylkesmannen.no/fmt_hoved.asp?tgid=427&gid=472&amid=1314818 For komande år set vi ikkje av ressursar til denne rapporten.

I 2005 gjennomførte vi 7 felles kommunebesøk, der vi møtte politisk og administrativ leiing i kommunane. I desse besøka deltek fylkesmannen eller assisterande fylkesmann, til vanleg ein av økonomirådgevarane og leiarar frå fagavdelingane ut frå kva tema som vert drøfta. Dagsorden vert sett i samarbeid mellom Fylkesmannen og kommunen. Det er eit mål å besøke alle kommunane i løpet av ein valperiode. Besøka er ein viktig arena for dialog mellom Fylkesmannen og kommunane. Innleiingsvis på møta vert det presentert eit kommunebilete med fokus på tema og utfordringar som er relevante for den aktuelle kommunen.

Fylkesmannen arrangerte ein 2-dagars konferanse for alle kommunane i samband med kommuneproposisjonen. Vi arrangerte ei todagars samling for alle rådmenn i november. I tillegg har fagavdelingane hatt fleire ulike konferansar og fagsamlingar, opplæringstiltak og nettverksmøte.

Vi samarbeidar med fylkeskommunen i fylkesplanarbeidet og i diverse prosjekt. Fylkesmannen og assisterande fylkesmann har jamlege møte med fylkesordførar og fylkesrådmann. Assisterande fylkesmann er deltakar i arbeidsutvalet for Fylkesplanforum.

Heimesida vår skal vere ein viktig og nyttig informasjonskanal for kommunane og andre.

Vi gjennomførte i 2006 ei brukarundersøking blant alle rådmenn i fylket ved hjelp av elektroniske spørjeskjema og seks intervju. Her fekk vi i all hovudsak gode tilbakemeldingar på verksemda vår, herunder informasjon, kommunikasjon, tilsyn, rettleiing og samordning. Sjå også omtalen under embetsprosjekt.

2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

Det er etablert NAV fylkesforum med faste møte med deltaking frå NAV, KS og Fylkesmannen. NAV har vore tema på fleire fylkessamlingar, på Fylkesmannen sin årlege kommunekonferanse, på leiarnettverk for helse- og sosialtenesta og sosialleiarsamling.

Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylket har gjennomført lovpålagte tilsyn og pålagte landsomfattande tilsyn. Øvrige tilsyn er gjennomført på grunnlag av ROS-analyse slik at volumkravet er innfridd med unntak av to tilsyn med helsetenesta som måtte utsettast til 2007.

I høve rekruttering av personell har Fylkesmannen samarbeidd med utdanningsinstitusjonane og Fylkeskommunen om opplæringstiltak. Tilskot til rekruttering og kompetanseheving er fordelt mellom tilsette i kommunane og utdanningsinstitusjonane. Vi har arrangert lærarkonferanse i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane, Fylkeskommunen og kommunane som praksisarena, og Fylkesmannen har halde konferanse der Arbeidsmiljøveileder for heimetenestene var tema.

Kvalitet og kvalitetsutvikling i pleie- og omsorgstenestene har vore tema på nettverksamlingar for leiarar i kommunane si helse- og sosialteneste. Kvaliteten i pleie- og omsorgstenesta er og eit prioritert område for tilsynsverksemda vår. Vi har gåande eit toårig prosjekt med deltaking frå 4 kommunar om å ta brukaren på alvor.

Fylkesmannen har gjennom KOSTRA-tal og innhentinga av eigne data kartlagt utviklinga i dekningsgrad for sjukeheimplassar og omsorgsbustadar.

Alle kommunane har oppfylt krava til rapportering i høve Opptrappingsplanen for psykisk helse. Kommunane gjer gjennomgåande ein god innsats, og nesten alle kommunar har personell med vidareutdanning i psykisk helsearbeid. Kommunane har siste året hatt auka fokus på tenester for barn og unge i tråd med sentrale føringar. Ikkje alle kommunar har komme like langt når det gjeld utbygging av tiltak og tenester, og spesielt nokre av dei minste kommunane er sårbare i forhold til rekruttering og stabilitet når det gjeld fagpersonar.

19 av 26 kommunar har inngått partnerskap om folkehelse med fylkeskommunen.

I regional stat vert folkehelseperspektivet i vareteke gjennom ei rekke ulike samarbeidsforum og tiltak, mellom anna:

- ? Førebyggjande rusarbeid vert ivareteke i rusfagleg forum
- ? Tiltaket *Aktive skulebarn* i samarbeid med Trygg trafikk, Statens vegvesen og nokre av folkehelsekommunane.
- ? Samarbeid med miljøvernavingdelinga i handsaminga av kommunale planar for å sikre at helsekonsekvensvurderingar vert gjort, mellom anna kravet til universell utforming.
- ? Samarbeid med Utdanningsavdelinga om fysisk aktivitet og måltider i skulen.
- ? Konferanse om samarbeid mellom skule, barnehage, helsestasjon og barnevern.

Kompetanseutvikling innafor sosialtenesta har skjedd på samling for sosialeiarar, regionvise faglege fora, to årlege nettverkssamlingar for leiarar i helse- og sosialtenesta. Tema har vore informasjon om sentrale føringar og nye satsingsområde i tillegg til ulike fagtema. I tillegg har det vore ei årleg samling for rettleiarar. Saman med Husbanken har vi 3 erfaringsnettverk for 7 kommunar med deltaking frå sosialtenesta, bustadkontor, psykiatri/heimetenesta knytt til arbeidet med å sikre bustad til alle. Endeleg har det vore ein to dagars konferanse om KIS.

Pålagde tilsyn med barnevernstenesta og andre oppdrag innanfor barnevernsområdet er gjennomført.

2.3 Oppvekst, familie, barnehager og utdanning

Barn og unges oppvekst

I 2005 vart det etablert ei permanent tverrgåande gruppe i embetet på fire personar som representerer barnehage, utdanning, helse og sosial. Denne gruppa gjennomførte ei fylkessamling for tilsette i kommunane som kom frå barnevern, skule, barnehage, skulehelseteneste, etc. Samlinga fekk svært god deltaking med i alt 150 deltakarar. Hovudtema var meldeplikta til barnevernet.

Barnehagar

Dekningsgrad

Pr. 31.12.2005	Pr. 31.12.2006
1 åringar: 34 %	1 åringar: 41,2 %
2 åringar: 64 %	2 åringar: 67,2 %
3 åringar: 90,5 %	3 åringar: 93,2 %
4 åringar: 93,3 %	4 åringar: 96,3 %
5 åringar: 94,7 %	5 åringar: 96,7 %

I 2005: Dekningsgraden for barn i aldersgruppa 3-5 år varierer frå 100 % dekning i Aurland kommune til 82,3 % dekning i Eid kommune for same aldersgruppa.

I 2006: Dekningsgraden har auka i alle aldersgruppene samanlikna med 2005.

Dekningsgraden for barn i aldersgruppa 3-5 år varierer frå 100% dekning i kommunane Lærdal, Årdal og Aurland til 85,3% dekning i Solund kommune for same aldersgruppa. 22 kommunar har ein barnehagedekning frå 90,2 – 99% i aldersgruppa 3-5 år.

Opplæring

Det vart gjennomført felles tilsyn i tre kommunar i høve §13-10 i opl. Ingen av kommunane fekk avvik, men ein kommune fekk merknad.

Det vart gjennomført eigendefinert tilsyn med fylkeskommunen i forhold til det ansvaret fylkeskommunen har for å gje opplæring på alle nivå i institusjonar etter barnevernslova (§ 13-2) og i helseinstitusjonar (§13-3a). Tilsynet vart gjennomført etter systemrevisjonsmetoden. Fylkeskommunen fekk ikkje avvik, men to merknader.

Det vart lagt ned mykje ressursar i oppfølging av kunnskapsløftet. Ved hjelp av øyremerka midlar til Barnehageløftet og Kunnskapsløftet vart det etablert ein infrastruktur i 2006 som har slik utforming: To tilsette ved høgskulen i 20% stilling, ein i 7%. Fire regionkontaktar, ein som fylkeskommunen peikte ut frå ein vidaregåande skule og ein fagperson frå grunnskulen som har ansvaret for satsinga i matematikk og naturfag. Desse seks personane er og tilsett i 20% stilling. Dei nasjonale sentra i matematikk og naturfag er fagleg ansvarleg for opplegga. Denne konstruksjonen gjer det mogleg å arbeide for god samanheng mellom barnehage og skule, mellom grunnskule og vgo, mellom grunnopplæringa og høgskulen og mellom Fylkesmannen og dei ulike aktørane.

Fylkesmannen i lag med KS organiserer fire samlingar per år i strategiorganet Forum for skule- og barnehageutvikling og i Skule- og barnehagemøtet der alle kommunane er samla.

Lokale læreplanar har vore tema ved ulike konferansar og samlingar. Viktig aktuelt stoff vert teke opp i dei årlege samlingane for barnehagane, som samlar ca 400 deltakarar, og for skuleleiarar, som samlar ca 180 deltakarar.

Introduksjonslova har vore tema på samlingar for kommunane.

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Fylkesmannen har i 2006 handsama 564 saker etter plan- og bygningslova. Vi har innan miljøvernområdet nytta motsegn mot 9 planutkast. Det er ikkje sendt saker vidare til avgjerd i Miljøverndepartementet i 2006. Vi har påklaga 8 saker, av desse 5 som gjeld dispensasjonsvedtak frå § 17-2. Dei aller fleste motsegnene og klagene gjeld tiltak i strandsona.

Vi formidlar aktivt nasjonal arealpolitikk, og nyttar motsegner og klager mot dei mest alvorlege tilfella. Dei fleste konflikttema vert avklart gjennom synfaring og eventuelt mekling.

Vi fokuserer også på å formidle gode planprinsipp på fagsamlingar og i samband med kommunebesøk. Dei rikspolitiske retningslinjene vert aktivt nytta ved formidling av nasjonal arealpolitikk, likeeins miljødata som i stor grad er allment tilgjengelege over Internett (Miljøstatus, Fylkesatlas og fylkesmannen.no). Vidare brukar vi fylkesplanen sine signal og retningsliner aktivt når vi gjer innspel til plan- og dispensasjonssakene.

Fylkesmannen deltek aktivt i fylkesplanarbeidet. I 2006 har innsatsen først og fremst vore knytt til oppfølging av fylkesplanen 2005-08. Vi inngår partnerskapsavtalar og brukar t.d. folkehelsemidlar og bygdeutviklingsmidlar inn i fellesprosjekt med fylkeskommunen og andre aktørar i fylket. Dette har vi gode erfaringar med.

Fylkesmannen er aktive deltakarar i Planforum. Dette er ein nyttig møteplass for kommunar med planutkast, fylkeskommune og regionale sektorstyresmakter.

Fylkesmannen deltek også i Kystsonenettverket. Vi ser at skjerpa fokus på strandsonevernet har ført til at dette er tema eit aukande tal saker byggjesaker vi har som setjefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland.

I 2006 fekk vi inn 141 klager som gjaldt byggjesaker, noko som er ein auke frå året før då talet var 112. Årsaka til auken er at talet setjefylkesmannssaker har auka frå 49 i fjor til 78 i år. Vi har handsama 142 saker. Lengste sakshandsamingstid for sak handsama i 2006 var 288 dagar. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 101 dagar per sak. 58 % av sakene er handsama innanfor tre månader.

I 2006 arrangerte Fylkesmannen ein lokal konferanse om ulovleg bygging for kommunane i fylket, politiet og Fylkesmannen.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med fylkeslandbruksstyret om arealpolitikken. Det har ikkje vore aktuelt med motsegn frå fylkeslandbruksstyret i 2006.

Kjerneområde landbruk, plan- og bygningslova, og næringsutvikling har vore sentrale tema i dialogen vår med kommunane i 2006. Dette gjeld både ved kommunebesøk og kommunekonferansar. Åtte kommunar starta opp med registrering av Kjerneområde landbruk hausten 2005. I tillegg til fellessamling ved oppstart, hadde vi to fellessamlingar for fagleg støtte og erfaringsutveksling med desse kommunane i 2006. Tre av kommunane vart i 2006 ferdig med registreringsarbeidet medan dei fem andre vil slutføra arbeidet i løpet av første halvår 2007.

2.5 Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Arbeidet med dei to regionale strategiane – regionalt miljøprogram og landbruksrelatert næringsutvikling – har gått som planlagt i 2006. Rulleringa av den sistnemnde strategien var godt i gang ved utgangen av året. Tre fjerdedeler av dei aktive bøndene i fylket og 125 beitelag søkte om tilskot frå regionalt miljøprogram.

Fylkesmannen har i 2006 vidareført eit aktivt arbeid med Bygdeutviklingsprogrammet, bygdeturisme, gardsmat/lokal foredling, Inn på tunet, morell-, plomme- og bærproduksjon. Fylkesmannen sitt prosjekt *Opne landskap* har i samarbeid med vegvesenet, kommunane m.fl. utført forsøk med utsiktsrydding langs prioriterte vegstrekningar i sju kommunar. I tillegg er det utført rydding av eldre ferdselsårar og gjennomført fleire beiteforsøk med geit med sikte på å oppretthalda kulturlandskapet. Fylkesmannen har vidare vore aktiv partnar i gjennomføring av fylkesplanprogrammet *Opplevingsnæringar* der landbruksavdelinga har delteke både i styret og sekretariatet.

Arbeidet med bioenergi vart organisert som eit eige avdelingsprosjekt i 2006. Interesse for bioenergi har vore sterkt aukande gjennom året og Fylkesmannen har delteke på fleire studieturar og med innlegg på mange ulike samlingar og arrangement. Fleire bioenergianlegg er under vurdering eller planlegging. Det er finansiert 21 gardsanlegg via Innovasjon Norge. Saman med Innovasjon Norge har vi marknadsført det nye treprogrammet, og gitt innspel til

nasjonal strategi for auka avverking og delteke i fylkessamarbeidet om strategiar for kystskogbruket.

Det har også dette året vore stor innsats knytt til gjennomføring av nasjonalparkplanen og slutføring av dei fylkesvise verneplanane. Fylkesmannen si tilråding om verneplan for edellauvskog vart sendt over til DN. Vidare har vi vore sterkt involvert i oppfølginga av vedtaket om verdsarvstatus for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Vi har m.a. førebudd og delteke i den offisielle opninga, delteke i felles verdsarvråd, lokal referansegruppe og elles hatt nær kontakt med kommunane og brukarane av området.

Verneplanarbeid etter naturvernlova har framleis stor fokus hos fylkesmannen, og det har vore eit godt samspel mellom dette arbeidet og det nyleg avslutta naturbruksprosjektet. Erfaringane med bruk og vern vert nytta aktivt m.a. i arbeidet med verneplan for Breheimen-Mørkridsdalen der vi parallelt med verneplanprosessen også gjennomfører idédugnader kring næringsutvikling i bygdene.

Tiltak mot lakseparasitten *G. salaris* vart avslutta i 2006.

Problema i indre Sogn kring tap av sau på beite pga jerv held fram. Fylkesmannen har også i 2006 vore liberal med å gje skadefellingsløyve på jerv. Det vart i 2006 også gjeve fellingsløyve for bjørn og gaupe. Samarbeidet mellom miljøvern- og landbruksavdelinga og lokalt mot sankelaga og kommunane fungerer godt. Totalt for fylket vart det i 2006 utbetalt om lag kr. 1,7 mill. i erstatning for sau, lam og geit drepne av freda rovvilt.

Det vart felt 9258 hjort i Sogn og Fjordane i 2006. Dette er det beste resultatet nokon gong.

Samarbeidet med SNO har vore vidareutvikla, og det er god kontakt med SNO-personell både på kysten og innlandet.

Tilsyn innan prioriterte ureiningsområde har hatt høg prioritet i 2006. Vi har delteke i dei landsomfattande aksjonane og gjennomført planlagt aktivitet.

Grovkarakterisering av vassførekomstar i samsvar med implementering av Vassrammedirektivet vart vidareført i 2006.

Det har vore ein stor pågang av søknader om bygging av småkraftverk. Fylkesmannen mottok 36 saker til handsaming i 2006.

2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Arbeidet med ein risiko- og sårbarheitsanalyse for fylket (fylkes-ROS) har vore prioritert gjennom eit eige embetsprosjekt i løpet i året. Det vart valt ei arbeidsform der fagetatar/-instansar vart bedt om å gi bidrag til dei enkelte kapitla i analysen. Arbeidet med vidare oppfølging av innspela – språkleg tilpassing, systematisering m.v. – er gjort i embetet, før fagetatane igjen har fått det tilbake til kvalitetssikring. Det endelege utkastet til fylkes-ROS skal leggjast fram til behandling i fylkesberedskapsrådet i april 2007.

Halvparten av tilsyna med samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane har vorte gjennomført som samtidige tilsyn med DSB sitt tilsyn med brannvesena. Dette har vore ei ny form for tilsyn, som både vi og kommunane berre har hatt gode erfaringar med.

Arbeidet med brannvern er ein sentral del av kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik, og samtidige tilsyn har gjort det lettare å fokusere på heilskapen i dette arbeidet. Samtidige tilsyn har også gjort at kommunane har hatt ein breiare representasjon frå politisk og administrativ leiing under møta.

I samband med tilsyna har det interkommunalt brannvernsamarbeid vore eit vesentleg tema. Fleire av kommunane slit med oppfølginga av lov- og forskriftskrav, særleg i forhold til førebyggjande brannvernarbeid. Frå både DSB og oss har det vore peika på at det ligg eit viktig utnytta potensiale i å søke samarbeid med nabokommunar.

I kontakten med kommunane har vi lagt sterk vekt på det førebyggjande samfunnstryggleiksarbeidet gjennom ei trygg arealforvaltning. Gjennom brev, møte, tilsyn og anna kontakt er kommunane oppmoda om å etablere gode rutinar for å risiko- og sårbarheitsanalysar.

Vi har delteke i referansegruppe for arbeidet med ein lokal klima-ROS for Flora kommune. Kommunen har samarbeidt med m.a. Vestlandsforskning og DSB, for å analysere kva verknadar klimaendringar kan få for lokalsamfunnet. Konsekvensar for den framtidige arealforvaltninga har vore ein viktig del av dette, men det har også omfatta tema som næringsutvikling og samferdsle. Kommunen har som siktemål at ein endeleg analyse skal gjerast ferdig før den føreståande rulleringa av kommuneplanen.
